



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Referat

Studentparlamentsmøte 24.11.2021

Tid Onsdag 24.11.21 kl 16.00-19.15
Stad SAA272

Til stades med stemmerett: 9

AHL Andrine Kompen (H)
AKF Leander Prag Sømme (H)
Calvian Thomas Berget (V)
AMF Ayoub El Azzaoui (H),
Gwendolyn Wördenweber (V, fram til sak 30)
ASH Monira Adam (H)
Jenny Nystad (H)
FRI Rakin Absar Arnob (V)
Ingrid Wikdahl (V)

Meldt forfall: Robert Kim Hoang (AHL), Håvard Sætre Øvrebø (AKF), Henriette Nordheim (AMF), Rikke Jenny Pettersen (Fri), Vidvuds Karlis Sulcs (Fri), Abdikani Amin (Fri), Matilde Tafjord Rødhammer (AU)

Til stades utan stemmerett

AU: Trond-Fredrik Hoddevik, Fady Gemayel, Daria Jermacane, Bethel Britto
Ordstyrar: Irmelin Angell Losvik
Referent: Organisasjonskonsulent Marit Aklestad
Andre: Stian Woo Andersson (leiar for Fadderveka 21)

Saksliste

Sak 24 – 21/22:	Opprop og val av møteleiing	2
Sak 25 – 21/22:	Godkjenning av innkalling	3
Sak 26 – 21/22:	Godkjenning av dagsorden med saksliste	3
Sak 27 – 21/22:	Godkjenning av referat frå møte 27.10.21.....	4
Sak 28 – 21/22:	Vegen vidare for velferdsgruppa	4
Sak 29 – 21/22:	Rekneskapet for Fadderveka 21	5
Sak 30 – 21/22:	Arbeidsprogram 21-22.....	5
Sak 31 – 21/22:	Etiske retningslinjer	6
Sak 32 – 21/22:	Studentparlamentet sine lokaler.....	6
Sak 33 – 21/22:	Orienteringar	7

Sak 24 – 21/22: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

Namneopprop.

AU la fram forslag om at Ida Wikdahl (vara, ASH) steppar inn med røysterett for FRI.

Votering: Forslaget vart samrøystes vedtatt.

9 røysteføre, Studentparlamentet er vedtaksdyktige.

Val av møteleiing

Studentparlamentet vedtok AU sitt forslag til vedtak utan endringar.

Vedtak (samrøystes):

- Irmelin Angell Losvik vart vald til ordstyrar
- Organisasjonskonsulent Marit Aklestad vart vald til referent
- Daria Jermacane og Fady Gemayel vart valde til teljekorps.

Sak 25 – 21/22: Godkjenning av innkalling

Type sak: Vedtakssak

AU påpeikte at møtereglementet fastslår at sakspapira skal sendast ut ei veke før møtet. Grunna sjukdom greidde vi ikkje dette denne gongen, men vi bed likevel Studentparlamentet om å godkjenne innkallinga.

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga med merknad om at den vart sendt ut for seint.

Sak 26 – 21/22: Godkjenning av dagsorden med sakliste

Type sak: Vedtakssak

Merknader: ingen eventuelt-saker.

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet vedtek fylgjande sakliste for møtet:

Ca tid	Saksnr.	Dagsorden for studentparlamentsmøte 27.10.21		Saksansvarleg
16.00		Middag i kantina Synfaring/sjekk av mogleg nytt lokale for Studentparlamentet (gamle Hustrykkeriet)		
16.45	24	Opprop og val av møteleiing	V	Ordstyrar
	25	Godkjenning av innkallinga	V	Ordstyrar
	26	Godkjenning sakliste	V	Ordstyrar
	27	Godkjenning av referat frå møte 27.10.21	V	Ordstyrar
17.00	28	Vegen vidare for Velferdsgruppa	D	Velferdsansvarleg
17.15	29	Rekneskapet for Fadderveka 21	V	Fadderveka
17.30	30	Arbeidsprogram 21-22	V	Leiar
18.00	31	Etiske retningslinjer	D/V	Velferdsansvarleg
18.30	32	Studentparlamentet sine lokaler	D	Infoansvarleg
18.45	33	Orienteringar	O	Leiar
19.00		Møteslutt & møtekritikk		

Møtekritikk etter formell møteslutt.

Sak 27 – 21/22: Godkjenning av referat frå møte 27.10.21

Type sak: Vedtakssak

Parlamentet vedtok AU sitt forslag til vedtak utan endringar.

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 27.10.21.

Sak 28 – 21/22: Veggen vidare for velferdsgruppa

Type sak: Diskusjonssak

Velferdsansvarleg Daria Jermacane la fram saka om korleis velferdsgruppa bør organiserast og strukturast framover. Studentparlamentet diskuterte dei ulike alternativa som har vore drøfta i leiingsmøta og i velferdsgruppa 0-4:

Alternativ 0: Leggje den ned

Alternativ 1: Eit samarbeidsforum meir eller mindre som i dag, der dei ulike velferdstenestene samarbeider og koordinerer sine tenester. Minus ved dette er eit noko uklart mandat og arbeidsmengd, må søkje midlar for kvar enkelt aktivitet, og uklare linjer til øvrige utval og leiing.

Alternativ 2: Litt meir faste rammer rundt ressursar, disponere noko midlar, tydelegare leiing

Alternativ 3: Ei formelt nedsett gruppe med eit mandat og ressursar til å setje ting ut i livet på litt meir fast basis.

Alternativ 4: Hovudansvarlege for velferdstilbodet til studentar i Volda

Debatten

Representantane var samde i at Velferdsgruppa gjer ein viktig jobb og at å leggje ned gruppa vil vere svært uheldig.

- Viktig at velferdsgruppa får ei arbeidsform som fungerer for dei.
- Alternativ 3 utpeikar seg som det beste. 0-alternativet er uaktuelt, alt. 2 for likt alt. 3, og alt. 4 er truleg for omfattande.
- Viktig at både Studentparlamentet og studentar generelt har moglegheit til å påverke innhald og retning for velferdsgruppa

Sak 29 – 21/22: Rekneskapet for Fadderveka 21

Type sak: Vedtakssak

Styret for Fadderveka 2021 ved leiar Stian Woo Andersson la fram årets rekneskap for Studentparlamentet. Dette året hadde vi ikkje ein eigen økonomi- og sponsoransvarleg, så leiar har hatt det overordna ansvaret for dette.

Behandling: Studentparlamentet vedtok AU sitt forslag til vedtak utan endringar.

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet tek rekneskapet til Fadderveka 2021 til vitende.

Sak 30 – 21/22: Arbeidsprogram 21-22

Type sak: Vedtakssak

Leiar Trond-Fredrik H. Hoddevik orienterte kort om AU si innstilling til dei innkomne endringsforslaga. Studentparlamentet fekk kome med spørsmål og kommentarar før avrøysting.

Gwendolyn søkte om permisjon kl 18.20 og deltok på deler av avstemminga før ho forlot møtet.

Til behandling: Studentparlamentet stemte punktvis over AU si innstilling til dei innkomne endringsforslaga.

Vedtak:

- Studentparlamentet vedtek Arbeidsprogrammet for 2021-22 i sin heilskap etter votering over innkomne endringsforslag
- Studentparlamentet gir AU redaksjonell mynde til å gjere språklege korrigeringar i dokumentet før det blir publisert

Sak 31 – 21/22: Etske retningslinjer

Type sak: Vedtakssak

Velferdsansvarleg Daria Jermacane la fram saka om etske retningslinjer for Studentparlamentet. Det vart sett av 10 min til diskusjon i grupper.

Til behandling: Ingen innkomne endringforslag.

Studentparlamentet vedtok AU sitt forslag til vedtak utan endringar.

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet vedtek framlagt forslag til Etske retningslinjer.

Dei etske retningslinjene får status som eit av Studentparlamentet sine styringsdokument, og blir ført opp slik ved neste revisjon av vedtektene.

Sak 32 – 21/22: Studentparlamentet sine lokaler

Type sak: Diskusjonssak

Informasjonsansvarleg Bethel Britto la fram saka der det kan bli aktuelt med ei flytting av kontora og møterommet vårt på sikt. AU vektla særleg å få innspel på fordelar og ulemper ved det gamle hustrykkeriet samanlikna med dagens kontorløysing.

Studentparlamentet var på synfaring i lokala til det gamle hustrykkeriet før dagens møtestart.

Debatten:

Gjennomgåande vektla representantane at dagens kontor er meir synleg og tilpassa vår bruk enn det gamle hustrykkeriet.

- Det er viktig for Studentparlamentet å vere mest mogleg synleg. Vi strevar med å vere synleg som det er, og med eit skjult kontor kan det blir verre
- Studentar vil alltid gå til bokhandelen, men ikkje alltid til studentparlamentet. Vi treng synlegheita meir enn bokhandelen
- Fare for at det berre er studentar som brukar biblioteket som vil finne oss
- Kva vil skje med Akademika dersom vi seier nei? Det er viktig med ein bokhandel på campus
- Finst det ikkje ein annan stad bokhandelen kan vere? Kvifor skal det vere parlamentet som flyttar seg?

- Dersom vi skal flytte, må lokalet oppgraderast til vår bruk, og det må skiltast godt. Er det mogleg med glasveggar el.l.?

Studentparlamentet vil ha saka tilbake når meir er klart med tanke på løysingar og konklusjon, grad av oppussing etc. No er rivinga av Aasen utsett, slik at avgjerda kan bli skubba ut i tid. Det kan vere ein fordel for å få belyst saka betre og vurdert ordentleg alle alternativ før ein konkluderer.

Sak 33 – 21/22: Orienteringar

Type sak: Vedtakssak

Info frå AU

- Leiar Trond-Fredrik orienterte frå læringsmiljøpolitisk komité i NSO. Dei jobbar bl.a. med dokument som skal leggjast fram på landsmøtet til våren.
- Velferdsansvarleg Daria Jermacane orienterte frå LMU: Andrine Kompen valt til leiar. Investeringsmidlar: LMU vil prioritere utemøblar + masterlesesal.
- Bethel Britto orienterte frå julebord-gruppa: vurderer ulike stadar. Burde ta påmelding snart for å avklare kor mange som blir med.

Info frå studentar i råd og utval

- Leander Prag Sømme orienterte frå Haustkonferansen til NSO, med tema som bl.a. studnetbustader, studentøkonomi og studentpolitikk knytt til den nye regjeringa.
- Rokken kafe, orientering frå Irmelin Angell Losvik i styret i SiVolda: SiVolda jobbar med saken. Finne ein berekraftig plan for å opne og drivast.

Info frå medlemmane i Studentparlamentet

- Calvin Thomas Berget informerte om ei sak frå avd. for kulturfag knytt til høge printekostnader. AU vil høyre meir om det og evt. følgje opp.

Dette skjer framover:

- Julebord fredag 10. desember. Påmeldingskjema kjem straks
- Januarmøte 26.01.22. Av faste saker skal vi her få lagt fram årsmelding for 2021 og vedta budsjett for 2022. Nokre saker som står på agendaen anten i januar eller februar:
 - o Sak om valt vs tilsett rektor
 - o Nytt prinsippogram for perioden 2022-26
 - o Sak om studentvelferd i dialog med SiVolda
 - o Miljøfyrtårn og berekraft

Studentparlamentet
Referat nr 3/21-22
Møtedato 24.11.21



Møteslutt 19.15